



Bakkengard Bognøy v/ Olav Andre Soltveit
Nordre Steinstø 7
5108 HORDVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/805 - 16/13371

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

27.06.2016

Førebels svar på søknader om SMIL-tilskot til reydding og inngjerding av beite på Landsvik

Meland kommune viser til dykkar søknad dagsett 16.03.16 og 31.05.16 om SMIL-tilskot til rydding og inngjerding av beite. Saka er under handsaming i kommunen og du vil få svar frå oss så snart saka er ferdig vurdert. Forventa sakshandsamingstid er innan utgangen av september.

Til søknaden skal det leggjast ved kopi av leigeavtalen då tiltaket skal gjerast på leigde areal. Det skal å leggjast ved kostnadsoverslag som grunnlag for omsøkt tilskotssum. Til søknaden skal det leggjast ved kart over tiltaket. Dette er ikkje vedlagt søknaden og me ber om at de sender inn kopi av leigeavtale, kart over tiltaket og kostnadsoverslag til Meland kommune snarast så mogleg.

Kommunen viser samstundes også til punkt 3.3 Miljøkrav i Rundskriv 2015- 17 Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket : «Tredje ledd sier hvilke miljøkrav som må oppfylles. Søkere må ha gjødslingsplan og sprøytejournal, samt kart over alt eid og leid jordbruksareal, som foretaket til enhver tid disponerer».

Dette inneber at de som søkjar, ved kontroll, må kunne fremleggja følgjande dokumentasjon:

- Gjødslingsplan eller fritak frå gjødslingsplan
- Sprøytejournal
- Kart over alt jordbruksareal som føretaket disponerer

Dersom de har spørsmål i saka kan de kontakta skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Bakkengard Bognøy v/ Olav Andre Nordre Steinstø 7 5108
Soltveit

HORDVIK